



Dette er ein reprise. For tre år sidan stilte vi spørsmålet over i tilknytning til biletet over. No stillar vi det same spørsmålet i tilknytning til biletet under, som er teke tre år etter frå det same punktet. Skårhaug er framleis ein fin utsiktsplass, men då må det også vera utsikt derifrå!

Oppsittarar i området har stilt spørsmålet mange gonger i dei tre åra som har gått og ein av dei har registrert at ein av grunneigarane faktisk har teke oppmodinga om rydding alvorleg. Men det er ikkje tilstrekkeleg, påpeikar vedkommande.

I 'gamle dagar' var dette eit framifrå utsiktspunkt der ein kunne sitte og nyta utsynet på fine sommerdagar. Då var det ingenting som stengde utsynet mot dei sentrale delane av Uskedalen. No ser ein framleis rett inn i ein grøn vegg om sommaren. Det er beklageleg, for det er ein fin rusletur til topps og rundt i området står det fleire innbydande bord og benkar.

Så er atter spørsmålet: Er det nokon som tek ansvar for ein ryddeaksjon i Skårhaug slik at ein med nokonlunde god samvittigheit kan be sommargjestane om å ta ein tur dit?

Av Ola Matti Mathisen

